



Norges vassdrags- og energidirektorat
v/Lars Midttun
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Deres referanse
NVE 200800053-9 ki/lami
Vår referanse
ODDHO/524068.000.01
Saksbehandler
Odd Håland Øksnevad

Deres dato
05.10.2010
Vår dato
19.11.2010
Direkte telefon
51 90 88 07

Høringsuttale til søknad om løyve til bygging av Ullestad kraftverk og Tverråna kraftverk i Hjelmeland kommune

Vi viser til brevet Dykkar av 05.10.2010 om høyring av søknad om løyve til bygging av Ullestad kraftverk og Tverråna kraftverk i Hjelmeland kommune.

Lyse Elnett har områdekonsesjon i det aktuelle området og eig og driv både distribusjonsnett og regionalnett. Lyse Elnett har også ansvar for regional kraftsystemutredning og kommunale energiplanar i det aktuelle området.

Dette er eit område der det er forholdsvis lite forbruk og både regionalnett og distribusjonsnett er forholdsvis spinkelt dimensjonert. I utgangspunktet er det heller ikkje svært mange kraftverk tilknytta dette nettet, men terrenget er slik at det er forholdsvis stort småkraftpotensial.

Det stemmer, som det står i konsesjonssøknaden, at høgspent distribusjonsnett i det aktuelle området for tida er eit 11 kV nett, og at Lyse Elnett på sikt vurderer ombygging til 22 kV. Kor lang sikt det vil bli er avhengig av kor raskt det trengst ekstra kapasitet i dette nettet. Transformatoren mellom 50 kV og 11 kV er for liten til å kunna knytta til så mykje som 8 MW ny produksjon. Den spinkle 11 kV linja mellom Ullestad og Årdal transformatorstasjon kan heller ikkje overføra så mykje som 8 MW.

Dermed vil det for å kunna knytta til Ullestad kraftverk og Tverråna kraftverk trengast både ny transformator mellom regionalnett og distribusjonsnett og ny kabel mellom Årdal transformatorstasjon og Ullestad. I og med at det også er planar om minst eit til kraftverk i same retningen, må både transformator og kabel dimensjonerast for større effekt enn det som trengst til Ullestad og Tverråna kraftverk. Til gjengjeld er det mogleg at fleire kan bli med på å dela på anleggsbidrag. Dei kraftverka vi veit om nå i dette området er eit småkraftverk Lyse Produksjon snart vil søka konsesjon på i Viglesdalen og ei utviding av Bøen kraftverk. I tillegg kan det vera planar om kraftverk vi ennå ikkje har høyrte om.

Når det gjeld regionalnettet, er nå den ledige kapasiteten for tilknytning av ny produksjon til distribusjonsnettet under Årdal transformatorstasjon, Hjelmeland transformatorstasjon og Hjelmeland kraftstasjon til saman ca. 26 MW. Vi veit nå om konkrete planar om til saman ca. 19 MW. Dersom dette blir realisert, skal det ikkje så mange MW til av nye kraftverk som vi ikkje har med i oversikta ennå før kapasitetsgrensa for eksisterande regionalnett blir overskriden. Det er mogleg at kraftverk vi ennå ikkje veit om kan bli bygde før kraftverk det nå blir søkt konsesjon for. Denne delen av regionalnettet er heilt radiell, så dei som vil tilknytta kraftverk utover kapasiteten i

Lyse Elnett AS

Postadresse
Postboks 8124
4069 Stavanger

Besøksadresse
Ålgårdsveien 80
4325 Sandnes

Telefon
51 90 80 00
Telefaks
51 90 80 01

Bankgiro
3201 20 99389
Foretaksregisteret
NO 980 038 408 MVA

E-post adresse
firmapost@lyse.no
Hjemmeside


eksisterande regionalnett, må rekna med å betala anleggsbidrag for ny regionalnettslinje i tillegg til ein 50/22 kV transformator og 22 kV kabel. Kor stort anleggsbidraget for kvart kraftverk blir vil vera avhengig av kor mange andre kraftverk som skal tilknyttast dei same anlegga det blir krevd anleggsbidrag for. Dette må vurderast etter at det er avklart kva for kraftverk som får konsesjon og ønskjer å bygga.

NVE's Forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet må oppfyllest. Dessutan stiller Lyse Elnett ein del krav til tekniske løysningar og spenningskvalitet (flimmer, spenningsvariasjonar, spenningssprang, overharmoniske) samt til reaktiv effekt og stabilitet i nettet. Kraftverkseigar må kunna dokumentera at desse krava kan overhaldast. Det må også vera mogleg på kort varsel å nedregulera effekten levert frå kraftverka, dersom det grunna feil i nettet eller for stor samla produksjon ikkje er kapasitet i nettet til å overføra alt.

Vennlig hilsen
Lyse Elnett AS



Ashild Helland
nettsjef



Odd Håland Øksnevad
senior ingeniør